

**PRESSEMELDING SIM**

## **Tradisjonsrik verksemd kjøper SIM Næring**



- *Dette er eit strategisk viktig oppkjøp meiner adm.dir. Bjørn Hoel (t.v) og konsernsjef Erik Sellberg (t.h) i Ragn-Sells.*

SIM Næring AS og dotterselskapet SIM Tankrenovasjon AS er selde til det svenske avfallsselskapet Ragn-Sells AS. Salet vart vedteke på styremøte i SIM 11. juli 2014.

- Dette er eit sal me seier oss godt nøgde med. Dei nye eigarane har lange tradisjonar i bransjen og me trur dei vil halda fram med å skapa ein god arbeidsplass for dei tilsette. I tillegg vil det framleis bli oppretthalde konkurranse i marknaden. Eit moment som er svært viktig for SIM, seier styreleiar, Reidunn Aasheim.

Det var fleire interessantar då selskapet vart lagt ut for sal, men Ragn-Sells hadde det heilskapleg beste tilbodet. Endeleg salssum vil ikkje vera klar før overtaking, i løpet av september. Årsaka til at overtakingsdato ikkje er sett, er at ein lyt gjennomføre ein del betingelsar før endeleg overtaking. Mellom anna skal Konkurransetilsynet vurderer om salet kan gjennomførast.

Ragn-Sells AS seier i ein kommentar at dei er godt nøgde med avtalen ein har fått med SIM om overtaking av SIM Næring AS og SIM Tankrenovasjon AS.

- Dette er verksemder som har ein sterk posisjon i sitt marknadsområde, og som no på ein god måte vil binde saman våre eksisterande verksemder i Bergen, Stavanger og Voss. Me har stor tru på ein sterk industriell utvikling i regionen, òg sett i lys av den framtidige utbygginga av E-39, mellom Stavanger og Bergen. Ragn-Sells har tradisjon for å tenkje langsiktig når det gjeld etablering og utvikling av vår verksemd. Dette oppkjøpet er strategisk viktig i ein langsiktig utvikling for Ragn-Sells på Vestlandet seier adm. dir Bjørn Hoel.

Ragn Sells AS vart etablert i 1881, og er i dag eit tredjegerasjons familieselskap. Selskapet har kontor i Sverige, Noreg, Danmark, Estland, Latvia og Polen. Totalt omsette konsernet for over 4 mrd. i 2013, og selskapet har 2 278 tilsette. I Noreg starta verksemda opp i 1989, i 2013 er talet på tilsette 313, og selskapet omsette for om lag 1 mrd.

Representantskapet i SIM vedtok på møte i april at det vil bli oppretta eit miljøfond for midlane ein får etter salet. På den måten ynskjer ein å sikra at både innbyggjarane og næringslivet i kommunane skal få nytte av midlane på ein mest mogeleg rettferdig og fornuftig måte. Representantskapet skal vedta retningslinjer for fondet.

Deloitte AS har vore SIM sin rådgjevar i salsprosessen.

*For ytterlegare opplysingar/spørsmål:*

Ta kontakt med styreleiar i SIM  
Reidunn Aasheim  
Mob: 41 68 58 94